

BUREISING OG JORDDYR KING I TELEMAR K.

Av fylkesagronom Tarjei Aasland.

TELEMAR K FYLKE gjeng frå havet i aust til høgjellet i vest og nord. Det er soleis bygder som ligg både høgt og lågt — ja her er truleg den høgstliggjande bygd i landet — Møsstrand rundt Møssvatn som ligg 900 m o. h.

Men det er ikkje berre på denne måte at naturen skiftar, det er mest noko nytt i kvar bygd. Her er ei mengd med dalar, som ligg i nord—syd, aust—vest, ja i alle retningar. Den som reiser fyrste gong i Telemark, har ikkje lett for å verta kjend, det er ikkje greidd å halde alle desse dalar frå kvarandre.

Det største vatsføret renn forbi Skien og ut i Frierfjorden. Dette vatn kjem frå vatsskilet med Vestlandet. Dampbåtar kan gå frå Skien til Dalen i Vest-Telemark, og til Notodden i Aust-Telemark, med di det er sluser i elvane. Dalen ligg ikkring 12 mil inne i landet ved øvre ende av Bandak vatn, men likevel ikkje høgt over havet, Bandak ligg soleis i 72 m høg. Og Heddalsvatn ved Notodden ligg berre 15—16 m o. h.

Frå dalbotnen stig det fort. Det kan nemnast at Rauland, som ligg ikkring 40 km frå Dalen, ligg over 700 m o. h., og Skafså som ligg 5 km frå Dalen, ligg 500—600 m o. h. Etter dette er det klårt at jordbrukstilhøvi vekslar fort. I dalbotnen kan ein til dels dyrke kveite, men 5 km lenger uppe er det såvidt at bygget vert moge.

Jordi:

I dei breidare og lågare bygder er der nokso mykje leirjord. I Grenland er jamvel silur. Lenger upp over dalane er mest morenejord og sedimentære jordarter. I fleire bygder er store sandmoar — furumoar.

Myr finn ein i alle bygder, men mest i dei øvre, og då temmeleg høgt over havet.

Sekretær Løddesøl i Det norske myrselskap hev etter oppmoding frå Landbruksselskapet undersøkt nokre myrar innom Telemark fylke, og samstundes hev han teke ut nokre prøvor til nærmare gransking på laboratoriet. Resultatet av dei gjorde kjemiske analysor er å finne i tabell 1. Som ein vil sjå finn me ymse typer av myr innan fylket, og i samsvar med dette vekslar både moldingsgraden og innhaldet av mineralske emne og kvelstoff.

Det meste og beste av jordi er dyrka, det er liksom skrapet som ligg att. I flatbygdene er der nok att av noko god dyrkingsjord, men oftaste er ho tilvaksi med skog. Dei fleste gardar her har berre lite skog og er difor traue til å selja han som dyrkingsjord.



Fra Telemark landbruksselskaps bureisingsfelt, Drivarbekkdalen
i Øyfjell, Rauland.


I dalbygdene er og den beste jord dyrka, men her er likevel ikkje so lite att å dyrke . Ofte er det gamal slåtte- og beitemark som er lett å få i kultur når ho fyrst er dyrka. Men dyrkingi fell tung. Det er ikkje sjeldan at det etter brotingi ligg eit steinlag på $\frac{1}{2}$, ja upp til 1 m tykt over heile feltet, so rydjingi kan vera over halve dyrkingsarbeidet. Ofte er der og stuv å taka upp, og stuvane etter lauvtre er serleg tunge å ta. Her fer ein bruke kreftene, sjølv um ein har stuvebrotar og sprengto til hjelp. Mange må elles bruke handreidskap, då dei vanlege stein- og stuvebrotarar er kostbare. Ein enkel heimegjort stuvebrotar, slik som vist på figuren side 188, er til stor hjelp. Eit slikt reidskap er so enkelt, at mest einkvar mann kan gjera det sjølv.

Lenger upp i bygdene er og mykje morenejord, umlag lik jordi i dalbygdene.

Bureising :

I åri 1922—1934 er det bygd ikring 240 nye bruk i fylket. Dei fleste av desse er skilde frå eldre bruk. Samanhengande bureising har me enno ikkje hatt, når ein tek undan det felt som Telemark landbruks-selskap har arbeid med, — Drivarbekkdalen i Øyfjell i Rauland herad. Dette felt er på godt 2300 dekar. Herav er velso 300 dekar dyrkbart, resten er skog, beite og fjell. Feltet ligg ikring 700 m o. h. Det er bygd ein ikring 4 km lang veg fram til bygdevegen. Gjennom feltet

HEIMEGJORD STEINBUK K



BYGLE-A

KROK SOM KAN HENGJAST FAST I KJETTINGEN
ELLER OG I JARNBYGLE-A. PÅ DENNE MÅTE
FERE IN REGULERE HOGGOR PÅ VEKTARMEN

KROK TL FESTE AV VEKTARM
= VEKTARM

FOT - LENGDE SOM DET PASSAR ETTER HOEVI

PLANK SOM GJER AT FOTEN IKKJE SIG NED I BLAUT MARK.
MERK. VEKTARMEN KAN LETT GJERAST LENCER VED A STIKKE EIT ROYR INNPÅ HAN.

24. 2. 1925
H. H. H.



Større bureisingsbruk i Solum.

rann ein stor bekk i kross og krok, denne er no retta. Likso vart ei mindre tjønn heilt turrlagd. Dette felt er deila i 3 bruk og bureisarane har teke fatt. Det vart overflatedyrka ikring 10 dekar til kvart bruk, gjødsla og tilsådd.

Det vert elles arbeid med nokre større felt i Drangedal og Bø, men enno er ikkje desse fullt ferdige. Elles vert det eit bruk her og der etter som det passer. Det er elles gledeleg å sjå at folk ikkje lenger er so redde for å busetje seg avsides. Mange gamle, nedlagde bruk vert no teke upp att og nokre av desse vert godtekne som bureisingsbruk.

Interessa for bureising har vorte større år for år, og ein ser ofte at folk vil ta fatt på mindre gode bruk. Det trengs å passe på her. Samfundet er ikkje tent med ei uheldig bureising. Men som tilhøvi er her i fylket må ein ikkje setje kravi til bureisingsbruki alt for høgt. No når utvandringi er stengd, er det ikkje so godt å koma utanom bureisingi. Folket må ha bustader og arbeid. Det kan difor verta turvande å laga nye bruk på stader som ikkje er so gode som ynskjeleg, med di det ikkje er so mange felt å velgje millom. Likevel må ein prøve å få bruki so gode som råd er og passe på at grensane vert greide. I fjell- og avsides bygder bør bruki vera romsame og ha dei «herligheter» — skog, beite, slätte, fiske o. l. — som er vanleg i bygdi. Bruki må og vera billege.

Dei fleste av bureisarane ser ut til å vera bra. Dei har nok store økonomiske vanskar å kjempe med, serleg då dei som byrja i dyrtidi,

Tabell 1. Analyser av myrprøvor frå Telemark.

Merke	Prøvestad	Myrtype	Volum- vekt (turrt) pr. liter) gr.	pH- verdi	I vassfri jord			Pr. dekar til 20 cm. djupn			Merknad
					Aske 0/0	N 0/0	CaO 0/0	N kg.	CaO kg.		
Myrprøvor frå Rauland:											
R 1	Sam Eydes Kromviken ved støylen Løyning	Grasmyr	123	4,38	5,30	2,37	0,30	582	73		Bakke- skråning
R 2	Do.	Grasmyr	115	5,25	14,66	2,81	0,71	646	163		Overfløynd myrflate
R 3	Tangen, millom og Håve	Møsstrand, Kulingstjønn	139	4,67	8,34	3,16	0,24	881	66		Vel molda
R 4	N. f. Kulingstjønn, Møsstrand	Grasmyr	127	5,21	11,84	3,18	0,76	806	192		Vel molda
R 5	V. f. Kulingstjønn, Møsstrand	Grasmyr	110	5,26	20,31	2,83	0,56	625	124		Overfløynd, lite molda
R 6	Lofthus, s. f. forsøks- felt på Anne Midtbø eigedom	Krattmyr	172	4,12	3,89	2,45	0,24	843	81		Vel molda
R 7	Lofthus, v. f. forsøks- felt på Anne Midtbø eigedom	Grasmyr	144	4,37	5,71	2,52	0,34	724	96		Nokorlunde vel molda

R 8	Drivarbekkdalen, Vik-feltet ø. f. bekken	Grasmyr	165	3,88	4,08	2,74	0,14	904	46	Vel molda
R 9	Drivarbekkdalen, turr-lagd tjønnbotn	Ingen vegetasjon	162	4,48	12,16	3,15	0,17	1022	55	Tett og feit torv
Myrgrøvor frå Drangedal:										
<i>Ambergslåtta:</i>										
Dr. 1	Sør-vestre ende	Grasmyr	143	4,63	6,51	2,90	0,10	829	27	Vel molda
Dr. 2	Midt på myra	Grasrik mosemyr	79	4,23	4,18	2,01	0,35	316	55	Lite molda
Dr. 3	Midt på nordre myrparti	Grasmyr	124	4,23	4,24	2,45	0,12	608	30	Nokorlunde vel molda
<i>Lauvlundmyrane:</i>										
Dr. 4	Midt på myra	Grasmyr	119	4,32	5,17	2,68	0,23	638	55	Nokorlunde vel molda
<i>Kjørkemyrane:</i>										
Dr. 5	Midt på myra	Grasmyr	139	4,41	4,69	2,97	0,17	829	48	Nokorlunde vel molda
<i>Åse-Vøllestad eigedomar:</i>										
Dr. 6	Tollhommyra	Grasmyr	144	4,22	3,32	2,50	0,29	717	83	Nokorlunde vel molda
Dr. 7	Stormyra	Grasrik mosemyr	101	4,16	3,61	2,01	0,19	408	39	Lite molda

Merke	Prøvestad	Myrtype	Volum- vekt (turrito pr. liter) gr.	pH- verdi	I vassfri jord			Pr. dekar til 20 cm. djupn		Merknad
					Åske 0/0	N 0/0	CaO 0/0	N kg.	CaO kg.	
Dr. 8	Galtevatsteane	Grasmyr	293	4,82	56,83	1,64	0,04	958	24	Vel molda
Dr. 9	Flottene	Grasmyr	136	4,42	8,31	3,13	0,14	850	38	Nokorlunde vel molda
<i>Jysereid eigedom:</i>										
Dr. 10	Hovdefjellmyra	Grasmyr	177	4,41	10,08	3,29	0,18	1167	65	Vel molda
Dr. 11	Apalmyr	Grasrik mosemyr	134	4,15	3,22	1,94	0,41	522	111	Nokorlunde vel molda
Dr. 12	Apalmyr	Grasmyr	162	4,72	15,94	3,44	0,41	1117	132	Vel molda
Dr. 13	Kvenmyra	Grasmyr	210	4,35	8,57	2,59	0,03	644	13	Vel molda
Dr. 14	«Myra»	Grasrik mosemyr	111	4,29	4,30	2,21	0,09	491	21	Lite molda
<i>Vølane, Brødsjø eigedom:</i>										
Dr. 15	Nord for tjønna	Grasmyr	326	5,06	61,59	1,18	0,03	771	19	Vel molda
Dr. 16	Vest for tjønna	Grasmyr	186	4,60	29,02	2,15	0,32	800	119	Nokorlunde vel molda
<i>Fostveit eigedom:</i>										
Dr. 17	Storslåtta	Grasrik mosemyr	136	4,29	8,17	2,75	0,21	746	56	Nokorlunde vel molda

Myrgrøvor fra Storemyr, Gjerpen:

Gj. 1 a. Nordre ende (0—20 cm.)	Mosemyr	127	4,18	3,95	1,50	0,45	381	115	Nokorlunde vel molda
Gj. 1 b. Do.	(20—40 cm.) Do.	72	4,81	2,80	0,93	0,76	134	110	Lite molda
Gj. 2 a. Do.	(0—20 cm.) Do.	69	3,94	3,45	1,15	0,34	159	47	Lite molda
Gj. 2 b. Do.	(20—40 cm.) Do.	39	4,46	3,22	0,86	0,61	67	48	Lite molda
Gj. 3 a. Midt på myra (0—20 cm.)	Do.	69	3,87	3,24	0,84	0,27	115	37	Lite molda
Gj. 3 b. Do.	(20—40 cm.) Do.	77	4,15	1,80	0,86	0,27	134	42	Lite molda
Gj. 4 a. Søre ende (0—20 cm.)	Do.	85	3,92	3,67	1,04	0,24	177	40	Lite molda
Gj. 4 b. Do.	(20—40 cm.) Do.	65	4,11	1,56	0,70	0,16	90	20	Lite molda

men dei aller fleste har gjort godt arbeid, som kjem bygdi og landet til gode.

Jorddyrking:

Dei statstilskot som det har vore i dei siste år har sett stor fart i nybrottsarbeidet. I åri 1922—1934 er det i fylket med statstilskot dyrka ikring 23,000 dekar. Mykje av dette har vore sers tungt å dyrke, so det har vorte mange dagsverk. Dette har hjelpt storveges på arbeidstilhøvi i bygdene. Og ser ein på bygdene er dei mest ikkje å kjenne att. I Rauland t. d. vart det dyrka areal tridubla på 10 år. At det dyrka areal aukar, må ha stor økonomisk innverknad i bygdene.

Interessa for nydyrking ser ut til å halda seg. Ein ser og ofte at folk som ikkje kan få statstilskot — grunna for høg likning — dyrkar mykje. Denne dyrking har ein ikkje noko oppgåde over.

Lån til dyrking vert ikkje mykje nytta. I åri 1922—1934 er det i fylket dyrka snaut 1000 dekar med lån. Når ikkje låni vert meir nytta, kjem det av at dei fleste er redd låni — dei synes at dei har gjeld nok fyrr.

Grøfting:

I åri 1922—1934 er det med tilskot grøfta ikring 22,000 dekar dyrka jord. Det meste av dette er utført i dei lågere bygder, serleg då i leirjordstroki.

Vidare er det med lån av Jorddyrkingsfondet grøfta fram mot 1000 dekar dyrka jord. Hertil kjem alt som er grøfta utan tilskot eller lån.

Senkingsarbeid:

Ved sida av den fyrr nemnde grøfting er det utført mange større og mindre senkingsarbeid. Planene for desse er utført av Vassdragsvesenet, landbruksingeniøren og fylkesagronomen.

Av større senkingsarbeid utført ved Vassdragsvesenet kan nemnast:

1. Senking av Bøelva. Her vert turrlagd over 2,000 dekar. Denne jord ligg midt i bygdi og er lett å drive.
2. Senking av Børsesjø og Leirkupelva. Den siste senking var berre ei god opprensning, som kosta over 50,000 kr. Dette arbeid har interesse for 2,000 à 3,000 dekar. Det meste er dyrka, god jord, som ligg midt i bygdi.
3. Oppreinsk av og dammbyggjing langs elva i Flatdal. Det er og tale um å senke Flatsjø. Desse arbeid har interesse for frammot 3,000 dekar.

Av mindre senkingsarbeid er det som regel nokre i kvar bygd, og interessa for desse arbeid er veksande. Det gjeld her jord som ligg godt til, er god og som regel lettdrive.